

Flåm Utvikling AS

Redegjørelse etter Åpenhetsloven

1. Åpenhetsloven

Åpenhetsloven trådte i kraft 1. juli 2022 og har til hensikt å redusere risiko for brot på menneskerettar og sikre anstendig arbeidsforhold i eiga verksemd, i verdikjeda og hjå samarbeidspartnarar. Vidare skal lova sikre tilgang på informasjon. Alle verksemdar som er omfatta av lova er pålagt å utføre aktsomheitsvurderingar, og å gjere greie for desse årleg.

Denne redegjørelsen dekkar perioden 1.1.2023-31.12.2023.

2. Flåm Utvikling AS

Flåm Utvikling AS er eigd 50% av Vygruppen AS (Vy) og 50% av Norway's best Group AS (NBG). Selskapet står for sal og marknadsføring av Flåmsbana som reiselivsprodukt og sikrar at gjestene vert tekne godt vare på lokalt. Gjennom dette har Flåm Utvikling inntektsansvaret for bana. Vy er ansvarleg for persontransporten og drifta av toga. NBG sørger for heilheitleg reisemålsutvikling i Flåm-regionen, samt å bidrag til styrking av sal og marknadsføring av Flåmsbana. Gjennom dette samspelet mellom selskapet og eigarane har ein utvikla Flåmsbana til å vere eit av Norges største reiselivsprodukt.

Selskapet har pr i dag 12 faste tilsette i tillegg til om lag 30 sesongtilsette gjennom sommarsesongen.

I det følgjande vil vi gjere nærare greie for vår tilnærming til aktsomheitsvurderingane, kort om vår leverandørkjede, skildring av overordna kartlegging og risikovurdering som er gjennomført, vurdering av eiga verksemd, samt at vi avslutningsvis vil gjere greie for Flåm Utvikling AS sitt vidare arbeid med Åpenhetsloven.

3. Vår tilnærming til aktsomheitsvurdering

Flåm Utvikling AS jobbar aktivt med fokus på både menneskerettar og anstendige arbeidsforhold som er i samsvar med OECD sine prinsipp. Etter at Åpenhetsloven trådte i kraft har vi jobba med å forankre dette tydelegare i vår organisasjon, blant anna gjennom våre prosedyrar og retningslinjer. I samband med integrering av krav iht Åpenhetsloven har vi utarbeida følgjande dokument og rutinar:

- Retningslinjer for Åpenhetsloven, som definerer roller og ansvar i vår organisasjon, gjennomføring av aksemdsvurderingar og korle ein skal følgje opp regelverket totalt sett.
- Eigen Supplier Code of Conduct
- Rutine for onboarding av nye leverandørar

- Rutine for oppfølging av og dialog med våre leverandørar knytt til elementa i Åpenhetsloven.

Vi har vidare utarbeida ei oversikt over kven som er våre leverandørar og gjort ei risikokartlegging av kvar leverandør. Vi ønskjer å identifisere og vurdere våre leverandørar, med formål å avdekke eventuelt negative effektar på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold som skjer i vår leverandørkjede eller hjå våre samarbeidspartnarar.

4. Vår leverandørkjede

Selskapet leverer ei annerkjend togoppleving gjennom unik natur til eit breidt spekter av gjester frå heile verda. Flåmsbana er eit heilårsprodukt og ein viktig del av det samla reiselivstilbodet i Flåm. Vy står for sjølve togframføringa, herunder bemanning, materiell, vedlikehold etc, og er soleis ein viktig leverandør til FU. Norways best Group er ein sentral aktør i Flåm og driv blant anna hotell, servering og andre opplevingsprodukt. I tillegg driv dei distribusjon av Flåmsbana som reiselivsprodukt ut mot den globale marknaden. Selskapet har tett samarbeid med begge eigarane som leverandørar inn i FU si verdikjede.

Øvrige leverandørar er nasjonale eller lokale aktørar, der vi kjøper ei standardvare/standardteneste.

Selskapet vil i samarbeid med våre leverandørar jobbe aktivt for å sikre at risikoen på desse områda er låg. Det er etablert årleg oppfølging av dei største leverandørane og etablering av nye leverandørforhold vil følgje vår oppdaterte rutine der forhold knytt til Åpenhetsloven er inkludert.

5. Kartlegging og risikovurdering

Vi har klassifisert våre forretningssamband i henhold til kven som er våre leverandørar og kven som er våre forretningspartnarar. Våre forretningspartnarar er vurdert overordna og utgjer ikkje ein risiko i henhold til dei vurderingane som skal gjerast etter Åpenhetsloven.

For alle våre leverandørar har vi gjennomført ei konkret vurdering av risiko, der ein har skil mellom leverandørar som utgjer låg risiko, middels risiko og høg risiko. Våre risikovurderingar har teke utgangspunkt i:

- bransje
- teneste/leveranse/produkt
- geografi
- type verksemd

For dei leverandørane som har eit breidt spekter av forretningsområde har vi vurdert det forretningsområdet vi gjer innkjøp av varer/tenester ifrå hjå leverandøren. Vi har gjort vurdering av menneskerettar og anstendige arbeidsforhold i samsvar med OECD sine retningslinjer.

Samla sett har Flåm Utvikling eit lågt tal leverandørar. Vy og NBG er dei klart største leverandørane av tenester inn mot selskapet. I tillegg til å gjere ei risikokartlegging har vi for dei største leverandørane også gjennomgått redegjørelsen for

Åpnhetsloven og vurdert deira aktsemdsvurderingar. Vi har spesielt sett på korleis dei omtaler det/dei forretningsområda som leverer tenester inn mot vårt selskap.

Generelt meiner vi at dialog og tett oppfølging med våre leverandørar og forretningspartnarar er eit viktig ledd i arbeidet med risikovurdering, for å få klassifisert alle mest mogleg korrekt, samt å bidra til å bevisstgjere og heve nivået av forståing i alle ledd på dette området. Ved inngåing av nye leverandørforhold blir vår Code of Conduct utsendt og gjennomgått som ei del av prosess for signering av avtalen. Alle eksisterande leverandørar får tilsendt vår Code of Conduct og denne blir gjennomgått i eit årleg samarbeidsmøte.

Selskapet har ei intern varslingsrutine som er gjort kjent gjennom ein forenkla varslingsplakat. I tillegg er det oppretta ein ekstern varslingskanal. Daglig leder har ansvar både for varslingsstenesta og er kontaktpunkt for henvendinger om Åpnhetsloven frå eksterne partar.

Flåm Utvikling har gjennom vårt arbeid med Åpnhetsloven og iverksette tiltak, ikkje avdekka faktiske brot på menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold. Det er heller ikkje forventa at ein avdekkar brot på Åpnhetsloven, sett opp mot det omfang og type leverandørar selskapet har.

6. Eiga verksemd

Vi utfører vår verksemd i samsvar med norsk regelverk, herunder norsk arbeidsmiljølov. Vi har fokus på at alle våre tilsette skal ha like moglegheiter og eit godt arbeidsmiljø. Det blir regelmessig gjennomført arbeidsmiljøkartleggingar og medarbeidersamtalar. Resultata frå desse kartleggingane vert følgt tett opp, og det vert sett i verk konkrete tiltak ved behov.

Selskapet har sett fokus på innhaldet i vårt HMS arbeid og mellom anna fastsett følgjande mål:

- Tillit, psykologisk trygghet, respekt og energi.
- Intern stoltheit over eigen arbeidsplass og tiltak som kjennest ekte, effektfulle og modige. Forbetningskultur i takt med nye idear, metodar og teknologisk utvikling.
- Robust selskap som jobbar systematisk med forebyggjande arbeid og er gode på å identifisere fare og handtere risiko. Eit selskap som viser handlekraft, proaktivitet og fellesskap når ting skjer.

Våre tilsette skal vere opplyste og trygge på si rolle dersom krevjande situasjonar oppstår.

Vi har ikkje hatt nokon saker i vår verksemd knytt til negativt arbeidsmiljø eller brot på menneskerettar.

7. Vidare arbeid

Arbeidet med kartlegging og risikovurdering av våre leverandørar si oppfølging av regelverket i Åpnhetsloven, vil vere eit kontinuerleg arbeid i vår verksemd. Dette omfattar både oppfølging av eksisterande leverandørar og dialog med nye

leverandørar. For alle nye leverandørar vil vi sende ut vår Code of Conduct og elles følgje vår rutine for onboarding av nye leverandørar.

Framover vil vi særleg ha tett oppfølging og dialog med dei av våre leverandørar der vi anser at det ligg føre ein risiko for brot på menneskerettar og/eller anstendige arbeidsforhold, samt tett samarbeid med vårt innkjøpssamarbeid. Dei tiltak som vert sett i verk overfor våre leverandørar der det er avdekka brot på menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, eller der det er avdekka risiko for slike brot, må sjåast i samanheng med i kva grad Flåm Utvikling AS har bidrege til slik negativ påverknad.

Vi vil løpande vurdere behovet for å innføre andre tiltak overfor våre leverandørar.

8. Informasjon

Dersom du ønsker ytterlegare informasjon om korleis Flåm Utvikling AS handterer faktiske og potensielle negative konsekvensar for brot på grunnleggande menneskerettar eller anstendige arbeidsforhold i henhold til åpenhetsloven § 6, er du velkommen til å gjere det via e-post til dagleg leiar Sivert Bakk, sivert.bakk@visitflam.com.

Flåm, den 18. mars 2024

Synne Hombles
Styreleiar

Per Brochmann
Styremedlem

Erlend Dulsrud
Styremedlem

Frode Rokne
Styremedlem

Sivert Bakk
Dagleg leiar

SIGNATURES**ALLEKIRJOITUKSET****UNDERSKRIFTER****SIGNATURER****UNDERSKRIFTER**

This documents contains 4 pages before this page

Dokumentet inneholder 4 sider før denne siden

Tämä asiakirja sisältää 4 sivua ennen tätä sivua

Dette dokument indeholder 4 sider før denne side

Detta dokument innehåller 4 sidor före denna sida

authority to sign

representative

custodial

asemavaltuus

nimenkirjoitusoikeus

huoltaja/edunvalvoja

ställningsfullmakt

firmateckningsrätt

förvaltare

autoritet til å signere

representant

foresatte/verge

myndighed til at underskrive

repræsentant

frihedsberøvende